



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Møte i Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Stad: Dombås hotell
Dato: 7.-8. februar, 2024

Påmelding:

Kommune	Medlemmar	Møtt	Varamedlemmar	Møtt
Dovre	Knut Egil Rykhus	X	Nina Stavheim Bentdal	
Fjord	Britt-Ingunn Tafjord Walle	X	Johan Arnt Overøye	X
Lesja	Liv Klara Enstad	X	Dag Christian Hole	
Lom	Kristian Frisvold	X	Sigrun Garmo	
Luster	Eli Merete Hansen Moen		Arne J Hauge	
Rauma	Andrine Kylling	X	Jostein Reiten	
Skjåk	Randi Rust		Ola Løkken	
Stranda	Claus Uwe Callsen		Gro Anita Loen Sve	
Stryn	Johan J Berge	X	Helene Mari Maurset	
Vågå				
SF-MR	Edvard Emblem Lund	X		
Sekretær	Tor Taraldsrud	X		

Innhald

4.	Godkjenning og innkalling av sakliste	2
5.	Konstituering av villreinnemnda	2
6.	Vedtaksreglement	2
7.	Drøfting av sekretariatsordning og rutinar for drift av nemnda	2
8.	Møteplan 2024	3
9.	Høyring – øvingsplan for vinter 2024-2027 for Stryn Røde Kors Hjelpekorps	4
10.	Referatsaker:	6
1)	Sak 1-24 Høyring - Øving Dombås - Brennhaug - Lesja Røde Kors Hjelpekorps	6
2)	Sak 2-24 Høyring - Høgruta i Breheimen - søknad frå Sota Sæter	6
3)	Sak 3-24 Høyingsuttale reguleringsplan hytter Grotli	6
11.	Eventuelt	6

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

2

Sakliste:

4. Godkjenning og innkalling av sakliste

Innstilling: Ingen merknader til innkalling og sakliste

Vedtak: Ingen merknader til innkalling og sakliste

5. Konstituering av villreinnemnda

Vedtak: Leiar: Johan Berge
Nestleiar: Randi Rust
Arbeidsutval: Leiar, nestleiar og medlem frå aktuell kommune.
Arbeidsutvalet gjer ei vurdering på om det er behov for å samle heile nemnda for forskjellige saker.

6. Vedtaksreglement

Villreinnemnda er oppretta ved forskrift. Forskrifta gir ikkje informasjon om kor mange medlemmar som må vera til stades for at vedtak skal vera gyldige, eller om leier har dobbeltstemme. Juridisk avdeling hjå Statsforvaltaren i Innlandet har heller ikkje funne noko felles reglement for statlege nemnder.

Det er praktisk for nemnda å fylgje kommunelova sine reglar. I kommunelova § 11-9 er folkevalde organ vedtaksføre om minst halvparten av organet er til stades. Vidare er møteleiaren si stemme avgjerande ved likt tal stemmer.

Innstilling: Nemnda er vedtaksdyktig når minst halvparten (5) av kommunane er representert på møtet.
Møteleiar si stemme er avgjerande ved likt tal stemmer.

Vedtak: Nemnda er vedtaksdyktig når minst halvparten (5) av kommunane er representert på møtet.
Møteleiar si stemme er avgjerande ved likt tal stemmer.

7. Drøfting av sekretariatsordning og rutinar for drift av nemnda

Innstilling: Halde fram med same ordning som i førre periode.

Vedtak: Halde fram med same ordning som i førre periode.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

3

8. Møteplan 2024

- Innstilling:** 26.-27. april, årsmøte saman med villreinutvalet.
Rauma, Åndalsnes, Grand Hotel
Fagtema:
- Vedtak:** 26.-27. april, årsmøte saman med villreinutvalet.
Rauma, Åndalsnes, Grand Hotel
Fagtema: Kjem attende med tema her.


Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

9. Høring – øvingsplan for vinter 2024-2027 for Stryn Røde Kors Hjelpekorps

Villreinnemnda har fått førespurnad frå Breheimen NP om vurdering av villreininteressene i samband med øving i regi av Stryn RKH. Ofte får vi oversendt øvingsplan frå politiet før øvingsplanen blir godkjent. Denne gongen fekk vi ikkje det, planen er allereie godkjent av Vest politidistrikt. Men køyring som skal skje inn i verneområde krev i tillegg løyve frå nasjonalparkforvaltninga. Nemnda skulle gjerne hatt denne på høring før politiet fatta vedtak. Det er i løyvet skrive at det er innhenta uttale frå villreinnemnda for Sogn og Fjordane for dei øvingsrutene som gjekk inn i deira område.

To av øvingane går inn i villreinområdet vårt:

ID	Tidsrom	Innhold/formål	Sted	Antall scootere/ ATV, inkl. nabokorps	Antall dager i perioden	Verneområde / Villreinområde	Merknad/egen vurdering	Politiets godkjenning/ vurdering
2	Veke 4 - 17	Kjentmannstur Strynefjellet	Grasdalen - Oppljosvatnet - Langvasseggi	8	4	Breheimen	Invitere med nabokorps og SNO	Godkjent
3	Veke 4 - 17	Kjentmannstur Strynefjellet	Videdalen - Tystigbreen - Sikilsbreen	8	4	Jostedalbreen - Tystigbreen	Invitere med nabokorps og SNO	Godkjent. Annen hvert år.



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

5

ID2 går inn på Langvasseggi. Dette er eit område som blir mykje brukt av villrein – året rundt. Det er ofte villrein her om vinteren og dei går til dels langt vestover på denne tida av året (godt inn i Stryn kommune).

Kvalitetsnorm for villrein – fyrste klassifisering kom i 2022. Reinheimen-Breheimen oppfyller minstemålet om middels kvalitet, men det er eit mål på sikt å få god kvalitet. Da bør ein vera forsiktig med aktivitet i nærleiken av viktige funksjonsområde for villrein og i staden legge til rette for at villrein skal bli mindre forstyrre enn i dag.

Fokusområdet Grotli-Breidalen er i kvalitetsnormen beskrive på fylgjande måte: "Særdeles viktig trekkpassasje for utveksling mellom Reinheimen og Breheimen". Grotli-Breidalen er eit svært sentralt område både for trekk, beite og utveksling. Denne trekkorridoren er heilt sentral for utveksling mellom sørveststamma i Breheimen og nordstamma i Reinheimen. Slik sett blir den svært viktig for framtidige bestandsforhold og genetisk variasjon i villreinområdet. Det blir arbeidd på fleire arenaer for å legge tilhøva best mogleg til rette for villrein i her. Langvasseggen ligg sentralt plassert for villrein sin ferdsel gjennom trekkpassasjen. ID2 bør ikkje bli godkjent.

ID3 går på tvers av Rauddalen. Dette området blir brukt mest om sommaren. I fjor vinter gjekk det ein flokk ved Yste Leirvatnet. Det er tett på køyreruta som er teikna inn for ID 3. I slike tronge fjelldalar skal det ikkje mykje forstyring til før villrein trekker vekk. Det er uheldig å legge opp til øving i eit slikt område. Sårbarheit for villrein gjennom Rauddalen er vurdert i [NINA-rapport 1593](#), og det er konkludert med at "auka ferdsel over tid kan få negativ innverknad på villreinen". Nemnda tykkjer ikkje at ein skal legge opp til øving i dette området. ID3 bør ikkje bli godkjent.

Innstilling: ID2 og ID3 bør ikkje bli godkjent. Stryn Røde Kors Hjelpekorps bør finne andre område å legge øvinga til.


Vedtak: ID2 og ID3 bør ikkje bli godkjent. Stryn Røde Kors Hjelpekorps bør finne andre område å legge øvinga til.
Nemnda klagar på godkjenninga som vest politidistrikt har gjeve.

10. Referatsaker:

- 1) *Sak 1-24 Høyring - Øving Dombås - Brennhaug - Lesja Røde Kors Hjelpekorps*
- 2) *Sak 2-24 Høyring - Høgruta i Breheimen - søknad frå Sota Sæter*
- 3) *Sak 3-24 Høyringsuttale reguleringsplan hytter Grotli*

11. Eventuelt

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær